



# Tokke – ein positiv og veldriven kommune

[senterpartiet.no/tokke](http://senterpartiet.no/tokke)

# Senterpartiet sitt verdigrunnlag

Senterpartiet vil bygge samfunnet nedanfrå. Vi vil arbeide for et samfunn der menneske kan utvikle seg fritt. Samfunnskontrakten skal bli oppfylt av myndige menneske som tar ansvar for eige liv, for fellesskapet og for naturen. Senterpartiet sitt verdigrunnlag er den kristne og humanistiske kulturarven. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og menneskeverdret er ukrenkeleg og overordna andre verdiar.

## Senterpartiet sine overordna mål

- Busetjing i heile landet
- Desentralisering av avgjerdsmynde, makt og kapital
- Reduksjon av statleg byråkrati - tillitsløft
- Berekraftig drift og forvaltning av natur og miljø
- Fridom for einskildmennesket med ansvar for seg sjølv og fellesskapet, og solidaritet med dei svake
- Privat eigedomsrett for dei mange

## Nær folk i heile Tokke

Tokke kommune skal vera ein god kommune å leve og bu i for alle innbyggjarar. Vi som bur i Tokke skal vera stolte av kommunen vår, og alle skal føle seg heime.

Tokke kommune skal vera ein open og inkluderande kommune. Kommunen skal gje god og rask service til innbyggjarane.

Tokke kommune er ein positiv og veldriven kommune, og Tokke Senterparti ynskjer at vi skal halde fram som sjølvstendig kommune. Kommunesamanslutning er ei sentralisering som vil føre til større avstandar mellom folk og dei som styrer.

## Tokke Senterparti vil:

1. Skape fleire arbeidsplassar, og utvikle heile kommunen
2. Skulane i kommunen skal framleis ligge godt over landsgjennomsnittet på nasjonale målingar, både på fag, trivsel og læringsmiljø
3. Auke satsinga på heimesjukepleia og bruk av velferdsteknologi, og foreta full opprusting av kjøkkenet på Helsecenteret
4. Garantererat kommunal eigedomsskatt på hus og hytter ikkje skal innførast i denne valperioden

## NÆRING

Kommunen sine skatteinntekter og statlege overføringer er i stor grad basert på folketal. Eit stabilt folketal gjev inntekter som er viktige for å oppretthalde dei gode kommunale tenestene vi har i Tokke.

Tokke Senterparti meiner at næringsutvikling er det viktigaste ein kan satse på for å sikre og auke folketallet i kommunen. Folk treng arbeid.

Kommunen må legge til rette for utvikling av både eksisterande og nye verksemder. I Tokke har vi både store og små verksemder og enkeltmannsføretak. Dei er viktige for samfunnsliv, utvikling og busetnad over heile kommunen. Desse må få handlingsrom og høve til å utvikle seg.

Mange pendlar ut og inn av kommunen. Fleksible kommunale tilbod og satsing på samferdsel, er viktige tiltak for å lette kvarldagen til pendlarar.

- Utvikle Høydalsmo som porten til Tokke. Kommunen må arbeide for bygging av ein attraktiv stopplass ved Oftevatn langs E-134
- Kommunen sine lokale på Tokkestad skal leigast ut eller seljast med mål om industriverksemd.
- Legge til rette for eit næringsareal på Åmdals Verk, som til dømes kan regulerast til drivstoffpumper, ladesasjon for el-bilar eller liknande
- Stø aktivt opp om hyttebygging og utvikling av Skafsåheia og Hallbjønnsekken. gjerne av eksterne interessentar. Reinseanlegget må oppgraderast
- Arbeide for eit sterkt landbruk i Tokke og styrke støtteordningane.
- Tokke kommune skal prioritere innkjøp av varer og tenester fra lokalt næringsliv
- Gje betre oppfylging av små verksemder og enkeltmannsføretak
- Vidareføre tilskot til verksemder som tek inn lærlingar
- Halde fram med å ta inn minst fire lærlingar i kommunen
- Vidareføre ei ordning med «straumrefusjon»
- Vera ein god vertskommune for Vest-Telemark NAV-kontor på Dalen

## OPPVEKST

Å vise omsorg for kvarandre er viktig. Godt samspel mellom barna og tilsette i barnehagar og skularer mykje av nøkkelen til å skape trivsel for alle. Grunnpillaren for god læring er at barna har det bra. Trivsel i oppveksten er også viktig for lysten til å busetje seg i kommunen når ein blir vaksen. Tokke Senterparti vil difor halde fram med satsinga på gode barnehagar og ein skule med høg kvalitet.

- Ha nulltoleranse for mobbing og trakassering
- Skulane i kommunen skal framleis ligge godt over landsgjennomsnittet på nasjonale målingar, både på fag, trivsel og læringsmiljø
- Vurdere å tilsetje miljøterapeut i skulen
- Bygge opp under eit positivt ungdomsmiljø
- Sikre ein desentralisert barnehage- og skulestruktur, der også små eininger har best mogleg tilbod og ressursar
- Utvikle kulturskuletilbodet for barn og ungdom i heile kommunen.
- Tokke kommune skal ha full barnehagedekning
- Pedagogisk personale skal gjevast gode høve til etter- og vidareutdanning
- Halde lokale og inventar ved Byrte skule i god stand, slik at den kan vera klår til undervisning ved mellom anna vegstenging
- Vurdere ulike alternativ til ny barnehage i Høydalsmo

## VEST-TELEMARK VIDAREGÅANDE SKULE

Den vidaregåande skule på Dalen er ein hjørnesten i kompetansekommunen Tokke. Utdanning er grunnleggjande for å få seg eit arbeid i framtida. Vest-Telemark vidaregåande skule har blitt kåra blant dei beste i landet og dei har kvar enkelt elev i sentrum. Tokke Senterparti vil kjempe for ein sterk vidaregåande skule på Dalen, som gjer det mogleg for 16-19 åringer å bu heime så lenge som mogleg. Lokal vidaregåande skule gjev elevane eit nettverk på tvers av kommunane og aukar den lokale tilknytinga.

- Vi ynskjer å sikre og vidareutvikle tilboden om studiespesialisering, helse- og oppvekstfag, elektro og teknikk og industriell produksjon på den vidaregåande skulen på Dalen.
- Utvikle Moen gardog bygningane der i nært samarbeid med den vidaregåande skulen

## HELSE- OG OMSORGSTILBOD

I Tokke skal alle få eit godt helse og omsorgstilbod. Kvar enkelt innbyggjar skal vite at dei blir sett og følgd opp. Samhandlingsreformen gir kommunane eit større ansvar for behandling av innbyggjarar. Tokke Senterparti ynskjer å møte denne utfordringa ved å satse på flinke fagfolk og dei moglegheitesom ligg i velferdsteknologi.

- Alle skal ha ein verdig alderdom
- Leggje til rette for at alle får høve til å bu heime så lenge dei ynskjer
- Utvikle dagtilbodet for heimebuande eldre
- Gjennomføre ei full opprusting av kjøkkenet på Helsesenteret, slik at matserveringa også i framtida kan vere eit høgdepunkt i løpet av dagen
- Styrkje det psykiske helsevernet
- Arbeide for base for luftambulanse i Vinje
- Oppretthalde aldersbustadene i Høydalsmo, og vidareføre gode tenester for bebruarane
- Gje elevane ei god helseteneste på skulane
- Ha ei god lokal oppfylging av gravide, fødande, nyfødde og familiene deira
- Etablere ei støtteordning for utdanninginnan sjukepleie
- Satse på førebygging og rehabilitering gjennom å vidareføre Friskvernsentralen

## BUSTAD OG BUSETNAD

Gode buforhold er viktig. I Tokke har vi for få moderne bustader med høg standard å tilbynoverande og framtidige innbyggjarar.

- Legge til rette for bygging av leilegheiter ved Oftevatni Høydalsmo og på Dalen.
- Tokke kommune skal vere fleksibel til å kunne regulere nye tomter innan relativt kort tid
- Vidareføre ordninga med tilskot for bygging, kjøp og restaurering av bustad for dei som skal etablere seg for fyrste gong.
- Legge til rette for meir omsetning av landbrukseigedomar, småbruk og hus som ikkje har busetnad
- Legge til rette for å selje eller leige ut heile eller delar av tidlegare Lårdal Alderspensionat, til dømes som prøvebustad
- Oppretthalde konsesjonsgrense null i kommunen
- Ha kontakten med folk med tilknyting til Tokke, med tanke på å kunne tilby jobb og bustad i framtida
- Vurdere å kjøpe større utmarks-eigedomar til bruk for innbyggjarar i Tokke
- Prioritere innbyggjarar i Tokke ved utleige av jakt på storvilt på kommunal eigedom
- Tokke Senterparti garanterer at ingen skal betale communal eigedomsskatt på hus og hytter i Tokke kommune i denne valperioden

## SAMFERDSEL

Transport har til alle tider vore ein viktig føresetnad for næringsliv, utvikling og busetnad. Moderne kommunikasjon, inkludert eit godt mobiltelefonnett og breiband til alle, er ein basis for framtidig vekst.

- Lage ein plan for vidare opprusting av kommunale veger
- Arbeide for vegpakke for Tokke, slik at ein kan få utbetra ein del därlege fylkesvegar
- Arbeide for asfaltering av den fylkeskommunale vegen i nedre Lårdal
- Arbeide for utbetring av vegen over Suleskar mot Stavanger, med betre skilting og fleire plassar å stoppe for turistar
- Arbeide for ein vintersikker E-134 over Haukelifjell
- Stø arbeidet for høgfartsbane over Haukeli
- Arbeide for betre tilbod for kollektivtrafikk mellom kommunesentera i Vest-Telemark
- Arbeide for at Statens Vegvesen opprettheld tilbodet om oppkjøring på Dalen for førarkort klasse B
- Tokke kommune skal framleis finansiere ein del av kostnaden for utbygging av mobilmaster og fiber-tilknyting

## REISELIV

Reiseliv har gjeve størst auke i tal på arbeidsplassar i Tokke dei siste 10 åra. Reiselivet gjev auka omsetnad i butikkar og kafear, og turismen gjev dermed høve for eit meir variert tilbod heile året.

- Tokke Senterparti vil vidareutvikle Tokke kommune som kanalkommune, med aktivitetar som mellom anna, fotturar, sykling og padling samt vassfronten i Lårdal og på Dalen.
- Lage eit prosjekt for å ruste opp den gamle ferdavegen mellom Dalen, Eidsborg, Ravnejuv og Nesland, og bygge opp den historiske «keisar-paviljongen» frå 1878 ved Ravnejuv, slik at den spektakulære utsiktsplassen igjen blir ein stor attraksjon
- Legge til rette for eit prosjekt som ser på høva for å lage ein lengre tur for besøkande i gruvene på Åmdals Verk
- Legge til rette for at Vest-Telemark museum skal få ansvar for bygningsvern av mellomalderbygg for heile Vestfold og Telemark fylke

## KULTUR, IDRETT OG FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

Kultur er ein viktig del av vår identitet som innbyggjar i Tokke og Vest-Telemark. Eit rikt kultur- og organisasjonsliv er grunnleggande for trivsel i kommunen.

- Gje støtte til ulike lag i kommunen
- Syte for at grendehusa i kommunen blir godt halde ved like og godt til rettelagt for bruk for innbyggjarane
- Halde fram med stønad til løypekøyring for Høydalsmo IL og Skafsaheii Løypelag
- Satse på Høydalsmo som «skibygd»
- Kulturhuset skal ha eit godt og variert tilbod
- Vidareutvikle biblioteka i Tokke til å bli ein naturleg møtestad for alle, særleg for ungdom

## ENERGI, KLIMA OG MILJØ

Klimautfordringane kan vi løyse saman. Tokke er ein kraftkommune som forsyner storsamfunnet med mykje fornybar energi. I Tokke bør vi satse meir på skogbruk som ein del av klimaløysinga fordi skog bind CO<sub>2</sub> naturleg gjennom fotosyntesen. Trevirke som byggemateriale, i staden for til dømes cement og stål, gjev også størst reduksjon av utslepp av CO<sub>2</sub>

- Senterpartiet vil auke bruk av trevirke
- Stimulere til planting i hogstfelt er viktig
- Arbeide for å vedlikehalde kulturlandskapet, der mange raudlista arter har sitt leveområde, ved auka beitebruk og styrka husdyrhald
- Gje tilskot til rydding av punktvise strekningar langs vegar. Det opnar opp landskapet, gjev godt utsyn og aukar trafikktryggleiken
- Legge til rette for lading av elbil, for dei som kjem på besøk og tilsette ved utvalde kommunale bygg
- Stimulere til auka bruk av sykkel og elsykkel i kommunen
- Vurdere å innføre ei ordning med tilskot til solcellepanel på bustadhus
- Halde fram med å jobbe for redusert bruk av plast i Tokke

# Kandidatar

1



**Jarand Felland,**  
Dalen, 1970

2



**Laila Karlsen Taraldlien,**  
Åmdals Verk, 1974

3



**Thor Arne Heggtveit,**  
Høydalsmo, 1958

4



**Ursula Therese Van Dam,**  
Dalen, 1968

5



**John Gunnar Staver,**  
Lårdal, 1984

6



**Åge Verpe,**  
Dalen, 1968

- 7. Hege Torunn Kovajord, Lårdal
- 8. Sverre Bakke, Lårdal
- 9. Charlotte Nabeit Skogsrød, Lårdal
- 10. Steinar L Mandt, Eidsborg
- 11. Wigdis Eikeland, Dalen
- 12. Torstein Brokka Kveven, Skafså
- 13. Olav Nordstoga, Høydalsmo
- 14. Stine Lundeberg, Lårdal

- 15. Torgrim Otterholt, Eidsborg
- 16. Jan Thomas Lassemo, Austhei
- 17. Siv Reidun Eide, Høydalsmo
- 18. Rune Pettersen, Austhei
- 19. Ivar Loftus , Eidsborg
- 20. Torill Gulseth, Lårdal
- 21. Gunnar Andre Bleiklia, Lårdal

- 22. Jon Aslak Austjore, Byrte
- 23. Geir Arild Djuve, Lårdal
- 24. Siv Borghild Knutsen, Høydalsmo
- 25. Martha Elisabet Karlsen, Åmdalsverk
- 26. Olav Seltveit Urbø, Skafså
- 27. Anne Vadder Midtbø, Austhei